



VINJE

**Oversyn over kraftrettar, kraftavtaler og oppgåver knytt til
forvaltning av kraftressursane i kommunen**



Sist revidera 16.05.2025.

Innholdsliste

INNLEIING.....	3
SKATT	4
KRAFTSKATTESYSTEMET	4
NATURRESSURSKATT.....	4
EIGEDOMSSKATT	4
KONSESJONSBASERTE ORDNINGAR.....	5
INNLEIING.....	5
KONSESJONSKRAFT	5
KONSESJONSAVGIFTER.....	6
NÆRINGSFOND.....	6
ANDRE KONSESJONSVILKÅR	7
KRAFTAVTALER	7
SÆRAVTALA FOR TOKKE OG VINJE	7
2- OG 8- KOMMUNARSAVTALENE	8
MØSVATN - FORLIKSAVTALA	11
KONSESJONANE	11
DAGENS KONSESJONAR.....	11
FORNYING AV KONSESJONAR	12
REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR	12
MILJØSPØRSMÅL.....	13
ANDRE TEMA	13

Innleiing

Vinje er ein av dei store vasskraftkommunane i Noreg. Følgjande kraftverk ligg i Vinje:

- Songa kraftverk
- Haukeli kraftverk
- Vinje kraftverk
- Kjela kraftverk
- Vesle Kjela kraftverk

Samla installert effekt er på ca 500 MW og kraftverka har ein samla årleg kraftproduksjon på omlag 2 TWh. I tillegg er Vinje magasinkommune for kraftverka i Telemark for Skiensvassdraget, Arendalsvassdraget og Røldal-Suldal. Store reguleringsmagasin er Songa, Totak, Bitdalsvatn, Vinjevatn, Bordalsvatn og Møsvatn.

Samla sett får Vinje kommune skatteinntekter (eigedomsskatt og naturressursskatt), konsesjonsavgifter og konsesjonskraft frå 30 kraftanlegg.

Den store kraftproduksjonen i kommunen er fundamentet for kommuneøkonomien og dermed det høge nivået på det kommunale tenestetilbodet me har i dag.

Følgjande tabell syner at ca **kr 301 mill. eller 34,5 %** av kommunens samla inntekter i **2024** var relatert til kraft.

Kraftinntekter i Vinje Kommune – rekneskapstal for 2024 (tal i 1.000)			
	Totalt	Herav kraftrelatert	Herav i %
Skatt på inntekt/formue	184 348	36 114	21
Ordinært rammetilskot	135 638	0	0
Skatt på eigedom	66 003	66 003	100
Andre generelle statstilskot	1 408	0	0
Sal av konsesjonskraft	113 485	113 485	100
Inntekter frå KKST	52 347	52 347	100
Konsesjonsavgifter	33 084	33 084	100
Rente- og finansinntekter	11 110	0	0
Utbytte frå selskap	8 626	0	0
Sum frie inntekter og finansinntekter	606 049	301 033	49,7
Driftsinntekter i tenesteområda	265 692	0	0
Sum totale inntekter	871 741	301 033	34,5

* Utbytte frå VTK kunne også vore vurdert som kraftrelatert.

Vinje kommune har såleis ansvaret for å forvalte store verdiar knytt til vasskraftressursane. Desse forvaltningsoppgåvene er av økonomisk, juridisk og fysisk karakter. Det krev omfattande kompetanse for å handtere desse spørsmåla på vegne av Vinjes innbyggjarar. Dette notatet gjev eit oversyn over dei viktigaste kraftrettane og avtalene i Vinje og dei viktigaste forvaltningsoppgåvene knytt til desse ressursane.

Skatt

Kraftskattesystemet

Store delar av kommunen sine skatteinntekter kjem frå kraftselskapa gjennom eigedomsskatt og naturressursskatt. Ordningane blir stadig diskutert, seinast i 2022 då Inntektssystemutvalet la fram sin rapport, og i 2020 då Sanderud-utvalet presenterte sin rapport. Forslaga frå Sanderud-utvalet vart ikkje tatt til fylgje, medan høyringsfristen for forslaga frå Inntektssystemutvalet var 04.01.2023. **Våren 2024 vart det lagt fram forslag til nytt inntektssystem, med hovudmål om å sikre ei betre omfordeling mellom kommunane, slik at innbyggjarar i heile landet opplever å få gode og likeverdige tenester. Gjennom inntektssystemet blir over kr 400 mrd. fordelt mellom kommunane, og hovudtrekket i det nye inntektssystemet er ei større utjamning av skatteinntektene. Tidlegare låg skatteutjamninga på 60 %, men er no auka til 64 %. I tillegg blir utbytteskatten og delar av formuesskatten erstatta med ein større del av inntektsskatt som altså skal fordelast jamnare mellom kommunane. For Vinje kommune tyder endringa ein reduksjon i skatteinntekter, men overgangsordningar gjer sitt til at kommunen truleg ikkje kjem dårlegare ut i 2025 enn i 2024.** Regjeringa sitt opprinnelege trekk i rammetilskot for 2023 grunna kommunars høge konsesjonskraftinntekter, er også eit «angrep» på ordninga. Det vil truleg krevje stor innsats frå lokalpolitikarar for å forsvare noverande ordningar også i tida framover.

Naturressursskatt

Ein vesentleg del av kommunens skatteinntekter kjem som naturressursskatt. Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk, og er heimla i skattelova § 18-2. Naturressursskatten er kompensasjon til kommunane og fylkeskommunane som kan samanliknast med grunnrenteskatten som staten får. Tanken bak grunnrenteskatten er at skatten skal spegle verdien av å få nytte ein ressurs som skal koma fellesskapet til gode. Det viste seg vanskeleg å splitte grunnrenteskatten mellom stat, fylkeskommune og kommune, og som fylgje av dette vart det vedteke å innføre naturressursskatt.

Naturressursskatten til kommunane utgjer 1,1 øre per produsert kWh, medan fylkeskommunane får 0,2 øre av kraftproduksjonen. Satsen for naturressursskatten ligg fast og er ikkje endra sidan 1996, **men det er vedteke endra sats frå 01.01.2026 med 1,13 øre/kWh.** Det er eit mål å få indeksjustert denne satsen, og LVK arbeider med dette spørsmålet. Grunnrenteskatten som staten får er delvis avhengig av overskotet i dei ulike selskapa og har slik ei meir positiv utvikling over tid enn naturressursskatten som ligg fast. Naturressursskatten vert fordelt mellom magasinkommunar og produksjonskommunar etter bestemte reglar.

Naturressursskatten er avhengig av kraftproduksjonen (gjennomsnitt av kraftproduksjonen dei 7 siste åra). Dette betyr at denne skatten faktisk kan bli redusert dersom me får tørrår med låg kraftproduksjon, **noko som har vore tilfelle i 2023 og 2024.**

Naturressursskatten vert utjamna gjennom det statlege inntektssystemet for kommunane. Utjamningsmodellen tek utgangspunkt i utjamning av skatteinntektene, der kommunar med inntekter over landsgjennomsnittet vert trekt for 60 % av differansen mellom egne skatteinntekter og landsgjennomsnittet.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ei kommunal, friviljug skatteordning. Eigedomsskatten er ei svært viktig inntekt for Vinje kommune, då desse inntektene ligg utanfor inntektssystemet (ikkje med i grunnlaget for utjamning) og dermed utgjer ei rein nettoinntekt for kommunen. I samband med budsjetthandsaminga kvart år vedtek kommunestyret ei eventuell utskrivning av eigedomsskatt og satsen som skal nyttast. Vinje kommune har vedteke eigedomsskatt på

verk og bruk, og dette gjeld i hovudsak kraftanlegg (kraftverk og nett/kraftliner). Satsen skal liggje mellom 1 og 7 promille av eigedomsskattegrunnlaget, og Vinje har vedteke ein sats på 7 promille.

Eigedomsskattegrunnlag skal vera basert på ein takst utført av ein uavhengig taksator, og det skal vera ei allmenn taksering av alle kraftanlegg kvart tiande år.

Hovudmålet med kraftskattereforma på nittitalet var at eigedomsskatt på kraftanlegg skulle spegle kraftanlegga si lønsemd. Vertskommunane skulle få ein del av den verdiskapinga som deira naturressursar gav opphav til. I 2004 vart det innført ein minimums- og ein maksimumsverdi som skulle takast omsyn til ved taksering av kraftanlegg. Dette inneber at ingen kraftverk skal takserast utanfor desse grenseverdiane. Eigedomsskatt på kraftverk fangar såleis ikkje lenger opp den reelle omsetningsverdien.

Konsesjonsbaserte ordningar

Innleiing

For å byggje, eige og drive eit kraftverk må ein ha konsesjon, slik at staten kan sikre at ulike interesser vert ivareteke. Det skal takast omsyn til energiforsyning og kraftmarknad, røyrd partar og deira interesser, miljø og andre allmenne omsyn. Det er ulike lover som ligg til grunn for konsesjonane, avhengig av kva slags type kraftanlegg det er tale om. For større kraftanlegg er det Kongen i statsråd som fattar vedtak i ein konsesjonssøknad, medan NVE fattar vedtak for mindre kraftanlegg (som eventuelt kan pålagast til olje- og energi departementet). Konsesjonar blir som hovudregel gjeve utan tidsavgrensing, og det kan leggjast ulike vilkår til grunn for ein konsesjon.

Konsesjonsbaserte ordningar er vilkår som utbyggjarane er pålagt i konsesjonane. Dette er vilkår som omtalar både økonomiske og miljømessige ytingar.

Konsesjonskraft

Eigarane av kraftanlegg er pålagt å levere konsesjonskraft til kommunar og fylkeskommunar som er råka av kraftutbygginga. Ordninga vart innført for å sikre dei partar som er røyrd elektrisk kraft til ein rimeleg pris, og krafta kan brukast slik kommunane sjølv ynskjer. Det er konsesjonsstyresmaktene som tildelar konsesjonskrafta og den skal leverast til ein pris som er lovpålagt. Ein skil mellom konsesjonar etter 1959 (sentralt fastsett pris / «OED-pris») og før 1959 (individuelt fastsett pris / «sjølvkost-pris»).

Etter gjeldande lovreglar skal inntil 10 % av gjennomsnittleg kraftmengde avståast til kommunar eller fylkeskommunar der kraftanlegga ligg. Kommunane har fyrsteretten til uttak av konsesjonskraft innanfor behovet for alminneleg el-forsyning i kommunen.

Fylkeskommunane kan mellombels ta ut det overskytande konsesjonskraftvolumet.

Kommunane kan fritt bestemme korleis dei vil bruke konsesjonskrafta; til å dekkje alminneleg forsyning i kommunen eller å selje krafta på marknaden.

Det er ei rekkje høve kommunen må ha oversyn over ved forvaltning av konsesjonskraft. Her kan ein nemne leveringsvilkår knytt til brukstid og uttaksmodellar, varsel om uttak, mengder, uttakspunkt og innmatingstariffar, konsesjonskraftpris (ulike prisregime for konsesjonskraft før og etter 1959) m.m. Kommunane bør og ha oversyn over grunnlaget for fastsetjing av konsesjonskrafta, herunder hydrologi, reguleringstilhøve og utrekningsreglar. Eit sentralt spørsmål er fordeling av konsesjonskraft mellom kommunar i høve til kvar kraftverk, magasin og andre reguleringsanlegg ligg. Utrekningsgrunnlag og fordeling vert vurdert av konsesjonsstyresmaktene med jamne mellomrom. Små endringar i grunnlaget kan gje monalege omfordelingar mellom kommunane.

Kommunen må vidare ha godt oversyn og god kjennskap til marknadstilhøva for elektrisk kraft for å kunne optimalisere verdien av denne kraftressursen til beste for lokalsamfunnet. Det er ikkje minst viktig å kjenne risikotilhøva i ein så usikker bransje som kraftbransjen, m.a. korleis ein kan prissikre og dermed redusere risiko. Ein må og ha god kjennskap til distribusjonssida, herunder kraftnett og overføringstariffar.

Vinje kommune er samla tildelt ca 305 GWh konsesjonskraft. Av dette gjekk ca 131,8 GWh til alminneleg forsyning innanfor kommunen sine grenser i 2023, **medan tala for 2024 viser 132,2 GWh**. Forbruk til alminneleg forsyning var i 2022 på omlag 127,1 GWh. **Forventa forbruk som er lagt til grunn i 2025 er 138 GWh, basert på prognoser frå kraftlaga hausten 2024.**

Konsesjonsavgifter

Konsesjonsavgifter er kompensasjon til kommunar for skader og ulemper av allmenn karakter som fylgje av utbygging av vassfall og reguleringar. Konsesjonsavgiftene skal og gi kommunane del i den verdiskapinga som utbygginga og/eller reguleringane gjev.

Fordeling av konsesjonsavgiftene skal takast opp til vurdering kvart 10. år og dei vert automatisk indeksregulerte etter konsumprisindeksen kvart 5. år. Konsesjonsavgiftene skal avsetjast til eit fond (konsesjonsavgiftsfondet) som skal nyttast til utvikling av næringslivet i distriktet etter vedtak i kommunestyret.

Vedtektene for konsesjonsavgiftsfondet er fastsett av kommunestyret i 1994, og sist godkjent av fylkesmannen i 1999. Kommunestyret gjennomgjekk retningsliner for bruk av fondet i K-sak 04/56. Fondet skal nyttast i samsvar med vedtekter som er godkjende av fylkesmannen. Som hovudregel har kommunestyret teke stilling til bruk av konsesjonsavgiftene i samband med budsjetthandsaminga.

Vedtektene seier at konsesjonsavgiftsfondet kan nyttast til å finansiere fylgjande:

- Kommunale investeringstiltak
- Avdrag på lån
- Driftsutgifter knytt til næringsutvikling, samt fysisk tilrettelegging (herunder planlegging og drift av næringskontoret)

Kommunestyret er sjølv fondsstyre. Det føreset at all bruk av fondet vert vedteke av kommunestyret.

Stønad til næringslivet kan gjevast som lån og tilskot, men konsesjonsavgiftene bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Kommunen har i lengre tid nytta inntekter frå konsesjonsavgifter for å oppnå budsjettbalanse.

Fastsetjing av grunnlaget for konsesjonsavgiftene er relativt komplisert, der mellom anna kraftgrunnlaget vert rekna ut som funksjon av fallhøgder og vassføring. Her må det takast omsyn til hydrologiske tilhøve og regulert vassføring m.m.

Konsesjonsavgiftene skal fordelast mellom involverte kommunar (fallkommunar, reguleringskommunar). Fordelingsreglane er kompliserte og konsesjonsavgiftene består dels av ervervsavgift og dels av reguleringsavgifter. For reguleringsavgiftene må det takast omsyn til korleis vatnet er overført, magasinshøve, utbygde elvestrekningar, pumping m.m.

Næringsfond

Konsesjonsstyresmaktene kan påleggje utbyggjarane å gje kommunane næringsfond som vilkår for konsesjon. Dette er meir vanleg ved nyare konsesjonar, ettersom styresmaktene var meir restriktive med dette tidlegare. Fram til 2015 hadde Vinje berre fått tildelt eit

jordbruksfond på kr 200.000 som vart gjeve i samband med utbygginga av Tokke-anlegga. Desse midlane ligg i dag i det me kallar «næringsfondet».

Arbeidet med konsesjon for tilleggsregulering av Møsvatn vara i mange år. Ved kongeleg resolusjon av 13.02.2015 fekk Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) nytt løyve til tilleggsregulering av Møsvatn på vilkår som fylgjer av Olje- og energidepartementet sitt foredrag av same dato. Vilkåra har 20 punkt og i punkt 2 (Konsesjonsavgifter og næringsfond) er næringsfond omhandla (7. og 8. setning):

« Når konsesjon er gitt, plikter konsesjonæren å betale i alt kr. 30 mill. til kommunene, fordelt med kr. 25 mill. til Vinje kommune og kr. 5 mill. til Tinn kommune, som avsettes til næringsfond for kommunene. Konsesjonsmidlene og næringsfond danner ett og same fond særskilt for hver kommune som etter nærmere bestemmelse av kommunestyret skal anvendes til fremme av næringsliv i kommunen. Vedtekter for fondet skal godkjennes av fylkesmannen.»

Midlane som er tildelt Vinje kommune er sett inn på eit eige fond kalla «Kraftfond – Møsstrand», og skal i hovudsak nyttast til næringsføremål og kommunale og private fellestiltak på Møsstrand. Det er utarbeidd eigne fondsvedtekter og oppnemnd eit eige styre for fondet.

Andre konsesjonsvilkår

I konsesjonane vert det og gjeve restriksjonar og vilkår for dei fysiske reguleringane gjennom manøvreringsreglement, sjå elles pkt. 5.1.

Det vert og fasett erstatningar i utbyggingssaker. Stort sett går desse erstatningane til grunneigarane og dei vert vanlegvis fastsett i eige skjønn.

Kraftavtaler

Særavtala for Tokke og Vinje

Tokke-anlegga vart i hovudsak bygd ut på 50-talet. Før denne utbygginga kom i gang kjøpte kommunane (Tokke og Vinje) opp fallrettar i Vinje-vassdraget. Det var den gong tale om at kommunane skulle bli medeigarar i utbygginga ved at desse fallrettane vart lagt inn i utbygginga. Dette let seg ikkje gjera, og i staden vart kommunane lova rimeleg kraft som skulle stillast til rådvelde som om dei var medeigarar i anlegget. Dette er opphavet til den såkalla *Særavtala* for Tokke og Vinje.

Sjølv om lovnader om rimeleg kraft vart gjeve i samband med konsesjonane, var det ein lang veg å gå for å få den endelege særavtala på plass. Dette skjedde fyrst i 1976, etter harde forhandlingar med NVE, og politisk kamp med departement og Stortinget.

Særavtala vart utforma slik at kommunane skulle få kraft til sjølvkostpris frå kraftstasjonane Haukeli og Tokke. Kraftmengda var avgrensa til alminneleg forbruk i Tokke og Vinje kommunar. Særavtalekrafta kjem til erstatning for konsesjonskraft frå desse kraftstasjonane.

Den fyrste Særavtala galdt fram til 1996. I 1994/95 vart det teke initiativ til fornying av denne avtala. Det var eit omfattande fornyingsarbeid og forhandlingane med Statkraft gjekk føre seg i over 5 år. Det var fleire kompliserande tilhøve som spelte inn, m.a. at avtala måtte tilpassast eit heilt nytt kraftregime som resultat av ny energilov i 1990. I tillegg var det ein strid om kva kommunane skulle betale i nettkostnader som kom opp i kjølvatnet av dei såkalla punktтарiffane. Her var det usemje om 10-tals millionar kroner og dette siste punktet

vart fyrst løyst i eit forlik i 2000. Dermed vart den endelege nye Særavtala fyrst godkjent i 2000. Denne avtala galdt i fyrste omgang ut 2016, men vart fornya og fylgjer no konsesjonen (har altså ingen sluttdato).

Dei samla kraftmengdene i Særavtala er 177,982 GWh per år og særavtalekraft er tildelt samla til Tokke og Vinje kommunar. Vinje sin del utgjer 123,011 GWh, og uttaket av særavtalekraft er avgrensa til alminneleg forsyning. Vinje sitt estimerte uttak for 2023 er 136,4 GWh, fordelt på 64,9 GWh i Vest-Telemark Kraftlag sitt forsyningsområde og 71,5 GWh i Rauland kraftforsyningslag sitt område. Såleis tek Vinje kommune ut meir kraft enn særavtala gjev rammer for, og betaler OED-pris / sjølvkost for den overskytande kraftmengda.

Ishavskraft har sidan oktober 2021 forvalta krafta til Vinje basert på ein sikringsstrategi som blir vedteke av Formannskapet. **I løpet av 2024 vart det lyst ut ny anbodskonkurranse og Ishavskraft vart valt som forvaltar vidare.**

2- og 8- kommunarsavtalene

Som nemnt i tidlegare kapittel er Vinje kommune tildelt store mengder konsesjonskraft. Lovverket viser til at primærkommunane disponerer konsesjonskraft for å dekkje forbruket til alminneleg forsyning innanfor kommunen sine grenser. Det overskytande vert tildelt fylkeskommunen.

I 1981 vart kommunane og fylkeskommunen i Telemark einige om korleis verdiane av den overskytande konsesjonskraftmengda i Øvre Telemark skulle disponerast. Det vart inngått to viktige avtaler om dette; 2-kommunersavtala og 8-kommunersavtala.

2-kommunersavtala er ei avtale mellom Vinje og Tokke kommunar på den eine sida og Telemark fylkeskommune på den andre. Avtala omfatta konsesjonskraft frå kraftverka i Tokke-utbygginga unnateke Haukeli og Tokke 1 som er regulert av Særavtala. 2-kommunersavtala slo fast at fylkeskommunen hadde rett på 1/3 og Tokke og Vinje kommunar 2/3 av økonomisk gevinst av den overskytande konsesjonskraftmengda.

8-kommunersavtala var ei avtale mellom Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tinn og Hjartdal kommunar og Telemark fylkeskommune om den overskytande konsesjonskrafta frå kraftverka i desse kommunane bortsett frå dei kraftverka som er omfatta av 2-kommunersavtala og Særavtala for Tokke og Vinje.

2 - og 8 - kommunarsavtalene galdt i fyrste omgang i 30 år (til 2010). Telemark fylkeskommune sa opp avtalene i 2005 (innan oppseiingsfristen), men ynskte likevel å forhandle om nye kraftavtaler. Kommunane hadde eit ynskje om ei vidareføring av dei gjeldande kraftavtalene, medan fylkeskommunen viste til lover som gjev fylkeskommunen rett til all overskytande konsesjonskraft. Partane freista å koma fram til ei løysing gjennom tingingar, og ny avtale vart vedteke i 2009 med verknad frå 2011. Denne nye avtala kan seiast opp med 3 års gjensidig oppseiingsfrist, men tidlegast med verknad frå 2027 ettersom avtala så langt ikkje er sagt opp av nokon av partane.

Den gjeldande avtala sikrar at:

- konsesjonskraftverdiane blir nytta til samfunnsutviklingsføremål i Telemark i eit langsiktig perspektiv
- kraftsamarbeidet mellom Telemark fylkeskommune og dei 8 avtalekommunane er vidareført
- kommunane disponerer sjølve den kraftmengda som trengs for å dekkje eige behov
- verdiane av overskytande konsesjonskraft blir avsett til fond:
 - gevinsten av 112,5 GWh blir tilført kommunale næringsfond
 - gevinsten ut over det som blir tilført til kommunale næringsfond blir sett av til Telemark utviklingsfond (TUF)

- dei kommunale næringsfonda blir nytta til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i den einssilde kommune
- Telemark Utviklingsfond skal vera eit verkemiddel for å skape og underbyggje ei positiv folketalsutvikling og næringsutvikling i alle delar av fylket, og skal særleg støtte utviklingstiltak i næringsssvake kommunar og kommunar med folketalsnedgang
- Konesjonskraftstyret i Telemark (KKST) skal forvalte den overskytande konsesjonskrafta som utgjer omlag 544 GWh, og styret består av to representantar frå kommunane og 2 representantar frå fylkeskommunen. Sekretariatet i KKST har ansvar for dagleg drift, men frå 01.11.2023 til 31.12.2024 hadde Kraftkompetanse KO ved dagleg leiar Tone Aanderaa Kiste funksjonen som dagleg leiar også i KKST. I mars 2025 vart det tilsett ny dagleg leiar i KKST.

Under er prognosa for den komande 4-årsperioden for KKST og fordeling mellom kommunane slik den vart lagt fram i november 2024. Vinje får med dette budsjettet ei forventa utbetaling på kr 39 mill. til næringsfond i 2025.

	Budsjett 2025	2026	2027	2028
Konsesjonskraftmengd (MWh)	545 672	339 682	328 135	328 135
8. Salgs- og leieinntekter	393 000 000	236 000 000	217 000 000	221 000 000
Salg konsesjonskraft fysisk handel	393 000 000	236 000 000	217 000 000	221 000 000
Gevinst/tap prissikringsporteføljen				
Salg konsesjonskraft finansiell handel				
9. Sum driftsinntekter	393 000 000	236 000 000	217 000 000	221 000 000
10./11. Lønnsutgifter og sosiale utgifter	-	-	-	-
12. Kjøp av varer og tjenester	2 060 000	2 020 000	2 090 000	2 170 000
Kontorrekvisita				
Beverting	10 000	10 000	10 000	10 000
Samlepost diverse				
Bankgebyr				
Annonser				
Møter, kurs og konferanser	70 000	70 000	70 000	70 000
Reiseutgifter				
Lisenser	300 000	300 000	300 000	300 000
Driftsavtaler	-	-	-	-
Kjøp fra TFK - servicetjenester	1 370 000	1 430 000	1 500 000	1 580 000
Kjøp fra TFK - godtgj.folkevalgte	80 000	80 000	80 000	80 000
Revisjonshonorar	30 000	30 000	30 000	30 000
Honorar juridiske tjenester	200 000	100 000	100 000	100 000
Konsulentonorar	-	-	-	-
13. Overføringer og tilskudd til andre	402 420 000	241 100 000	221 800 000	225 720 000
Overføring til kommuner	324 340 000	189 920 000	169 950 000	171 230 000
Overføringer til andre				
Kjøp konsesjonskraft	71 400 000	46 300 000	46 800 000	49 100 000
Kostnader residuale ledd/fastledd pris	8 730 000	5 700 000	5 750 000	6 040 000
Kostnader energiledd	(3 180 000)	(1 970 000)	(1 900 000)	(1 900 000)
Kjøp konsesjonskraft - finansiell handel	900 000	950 000	990 000	1 040 000
Kostnader residuale ledd/fastledd pris - finansiell handel	50 000	50 000	60 000	60 000
Kostnader energiledd - finansiell handel	(20 000)	(20 000)	(20 000)	(20 000)
Markedshåndtering fast beløp	60 000	60 000	60 000	60 000
Markedshåndtering volumavhengig				
NP Brokerage handel				
Nord Pool handelsavgift	-	-	-	-
Motpartspåslag				
Fysisk påslag	80 000	50 000	50 000	50 000
Andre kostnader forvaltning	60 000	60 000	60 000	60 000
15. Sum driftsutgifter	404 480 000	243 120 000	223 890 000	227 890 000
16. Brutto driftsresultat	(11 480 000)	(7 120 000)	(6 890 000)	(6 890 000)
17. Renteinntekter	11 500 000	7 130 000	6 900 000	6 900 000
Renteinntekter	10 000 000	6 200 000	6 000 000	6 000 000
Rentekompensasjon Entelios	1 500 000	930 000	900 000	900 000
20. Renteutgifter	20 000	10 000	10 000	10 000
Rentekostnader, morarenter	20 000	10 000	10 000	10 000
22. Netto finansposter	11 480 000	7 120 000	6 890 000	6 890 000
24. Netto driftsresultat	-	-	-	-

Møsvatn - forliksavtala

Det var sterk strid mellom Vinje kommune og Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) om senking og kanalisering av Møsvatn. Vinje kommune hevda at desse reguleringane var ulovlege, og gjekk til rettssak om dette i 2000. I forkant av rettssaka kom det til forliksforhandlingar mellom partane, og dette enda opp i ei forliksavtale. Innhaldet i denne avtala innebar at partane vart samde om å halde nytt valdgiftskjønn for å fastsetje nye erstatningar knytt til 5 (opphavleg 7) eigedomar. Dette skjønnet vart halde sommaren 2001, og erstatningane vart samla sett auka med 50 %.

Det vart bygd køyreramper frå ca kote 919 til kote 906 for alle gardsbruk med fast busetnad og som ikkje har bilveg til bruket. Det vart også bygd felles rampe for fleire bruk, traktorveg mellom rampene og fram til tunet på det einskilde bruket. ØTB bar alle kostnadene med planlegging og bygging, og ber alle kostnadene med framtidig vedlikehald av rampene.

Konsesjonane

Dagens konsesjonar

Dei viktigaste konsesjonane for kraftutbygging i Vinje er:

- Statsreguleringane i Tokke-Vinje-vassdraget frå 1957 og 1958 og dei ytterlegare statsreguleringane av same vassdraget frå 1960 og 1964.
- Tilleggsregulering av Møsvatn frå 1942 (dei 4 øvste meterane).

Reguleringane i Tokke – Vinje - vassdraget

Det er m.a. fastsett fylgjande reguleringshøgder for nokre av magasinane i kommunen:

Songa	: 35,0 meter
Ståvatn	: 12,5 meter
Kjelavatn	: 22,0 meter
Langsævatn	: 36,0 meter
Bordalsvatn	: 39,0 meter
Bitdalsvatn	: 35,0 meter
Totak	: 7,3 meter
Vinjevatn	: 3,5 meter

Ved maksimale flomvasstandar kan desse grensene overstigast med 1 - 1,5 meter. Det er svært få reglar om minstevassføring i konsesjonane, men eit slikt pålegg er likevel gjeve i Kjela.

Konsesjonane for reguleringane i Tokke – Vinje vassdraget var opphavleg tidsavgrensa og gjevne for 60 år, dvs. til 2017. Sommaren 2002 gjorde OED vedtak om omgjering av reguleringskonsesjonane frå tidsavgrensa til varige konsesjonar. Dette kom heilt overraskande på kommunane som verken visste at det var søkt om endring av konsesjonen, var varsla om vedtaket eller på nokon som helst måte gjeve høve til å ivareta sine interesser i saka. Tilsvarande skjedde i Bardu kommune. Vinje, Tokke og Bardu kommune klaga på vedtaket, men klaga vart ikkje tatt til fylgje.

Reguleringane i Møsvatn

Når det gjeld Møsvatn er den samla reguleringa 18,5 meter. Dei fyrste reguleringane på 14,5 meter kom før konsesjonslovene, og er såkalla konsesjonsfrie utbyggingar. Desse konsesjonsfrie utbyggingane har ingen avgrensingar på reguleringa og kommunen/lokalsamfunnet får ikkje økonomiske ytingar i form av konsesjonskraft, konsesjonsavgifter eller andre ytingar. Samstundes er dette ei stor regulering, ei av dei største i landet. Vinje kommune sit att med berre 10 % av inntektene knytt til Møsvatn, trass i at 90 % av magasinet ligg i Vinje kommune. Dette fordi kraftverka ligg i Tinn kommune.

Fornyng av konsesjonar

Konsesjon for regulering av dei 4 øvste meterane i Møsvatn gjekk ut i 2002. Ved kongeleg resolusjon av 13.02.2015 fekk Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) nytt løyve til tilleggsregulering av Møsvatn på vilkår som fylgjer av Olje- og energidepartementet sitt foredrag av same dato.

Revisjon av konsesjonsvilkår

Konsesjonar kan reviderast etter 30 år, og det er kommunane som normalt fremjar og koordinerer krav om revisjon. Føremålet er betra miljøtilhøve og modernisering av vilkår. Sjølve konsesjonen kan ikkje reviderast (t.d. vasstand), men manøvreringsreglement innanfor tillatne vasstandar kan reviderast (t.d. sommarvasstand og minstevasføring). I revisjonsprosessen må det takast omsyn til vassdirektivet og vassforskrifta. NVE og konsesjonsnæren har ikkje varslingsplikt i høve til revidering, så kommunane må på eige initiativ setje i gang prosessen.

Arbeidet med revisjonen for Tokke – Vinje - vassdraget vart ferdigstilt i juni 2022, etter ein svært lang prosess som starta i 2007. Målet var å få ei oppdatering av konsesjonsvilkåra i tråd med moderne konsesjonar, og tok vidare sikte på å kompensere for ulemper og konsekvensar som ein ikkje hadde rekna med då konsesjonen vart gjeven. Kommunane sette krav om minstevasføring, magasinrestriksjonar, fond og ei rekkje andre tilhøve. NVE skriv i sitt vedtak at *«Summen av forslaga til endringar i vilkår og manøvreringsreglement, altså standardvilkår, minstevasføring og magasinrestriksjonar, vil legge til rette for ei vesentleg miljøforbetring i vassdraga i Tokke-Vinje-reguleringar. Departementet har lagt stor vekt på å betre tilhøva for storaure, som er sett i samanheng med den tapte kraftproduksjonen. Dei føreslegne minstevasføringane vil saman med fiskepassasje og lokkeflaumar opne nye leve- og gyteområde for storaure, og vere gunstig for naturmangfald, landskap og friluftsliv»*.

Departementet sette vilkår om eit fond for fisk, vilt og friluftsliv og tre fond for villrein. Fyrstnemnte fond skal utgjere kr 200.000 årleg, og midlane skal gå til konkrete, avbøtande miljøtiltak og andre relevante tiltak.

Villreinfonda skal brukast til å finansiere naudsynte utgreiingar og prioriterte tiltak for å redusere negative verknader i dei tre villreinområda. Regulanten skal betale inn kr 10 mill til villreinfonda, som skal fordelast ut frå magasinarealet som ligg i kvart område: Kr 6 mill for Hardangervidda villreinområde, kr 3 mill til Setesdal Ryfylke villreinområde og kr 1 mill til Setesdal Austhei villreinområde.

Revisjonssaka for Tokke – Vinje - vassdraget er av ein heilt annan storleik enn tidlegare revisjonssaker, og utfallet av denne saka vil truleg gi føringar for andre saker som kjem etter.

Samarbeidet mellom Statkraft og kommunane Tokke og Vinje om vilkårsrevisjonen for Tokke – Vinje - vassdraget og om ein felles forvaltingsplan for dette vassdraget har vore godt, men det har likevel kome fram usemje mellom partane kring prinsipielle spørsmål ved revisjonsprosessen. Denne usemja må løysast ved at staten (ved NVE eller Olje- og energidepartementet) gjev klårare retningslinjer enn i dag. Revisjonsutvalet i LVK samordnar arbeidet i kraftkommunane på dette feltet.

NVE legg i si handsaming opp til ein praksis som gir små moglegheiter for kommunane til å endre på vilkåra. NVE har m.a. teke standpunkt om at dei økonomiske vilkåra ikkje skal vurderast (konsesjonsavgifter og næringsfond) ved revisjon. LVK er sterkt usamd i dette og fylgjer opp desse sakene og det prinsipielle i høve til styresmaktene.

Dei konsesjonsfrie utbyggingane kjem ikkje inn under revisjonsreglane. Det betyr at størsteparten av Møsvatn-reguleringane ikkje kan endrast.

Miljøspørsmål

Det dukkar stadig opp miljøspørsmål knytt til kraftutbygginga i kommunen. Viktige saker som det har vore arbeidd med er miljøforbetringar langs Tokke-åi i Åmot sentrum og opprusting i Songa-området. Det har og vore strid om regulering av 5 bekkar i Kjela, ei sak som enda i retten. Vinje kommune tapte denne saka, men i etterkant vart det forhandla fram løysingar med Statkraft som inneber at nokre av bekkane likevel vert spart.

I tillegg har det vore saker om effektkøyring av Vinjevatn, brot på minstevassføring i Kjela m.m.

Andre tema

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

Vinje har spelt ei aktiv rolle i denne organisasjonen og hatt representasjon i Landsstyre, Arbeidsutval og eigedomsskatteutvalet. Ingvald Godal var ein av initiativtakarane til organisasjonen og den fyrste leiaren i LVK. Olav Nystog sat i landsstyret i perioden 1992-95, Rune Lødøen var medlem i landsstyret/ arbeidsutvalet i perioden 1995-2003. Børre Rønningen vart LVK sin fyrste direktevalde leiar i 2003 og attvald i 2007 og 2011. Gry Åsne Aksvik vart valt inn i eigedomsskatteutvalet i 2011 og var leiar av utvalet frå 2013 til 2020, då utvalet vart slått saman med Energirådet.

Representantar frå Vinje kommune har vore viktige premissleverandørar og lobbyistar overfor sentrale styresmakter i sentrale energipolitiske spørsmål.

Felles kraftutval for Tokke og Vinje kommunar

Tokke og Vinje kommunar blei i 2004 samde om å opprette eit felles kraftutval for dei to kommunane som har ansvar for arbeid og oppfylging av revisjon av reguleringskonsesjonane for Tokke – Vinje-vassdraget, særavtale for Tokke og Vinje, konsesjonskraftavtalene og andre felles kraftsaker.

Plan for klima og bærekraft

Føremålet med planen som vart vedteken i 2022 er å påverke til ei bærekraftig utvikling gjennom å ta kloke energi- og miljøstrategiske val, sikre gode løysingar i nybygg og rehabiliteringsprosjekt i eiga verksemd, samt å arbeide planmessig for energirelatert infrastruktur og næringsutvikling i kommunen. Handlingsdelen skal rullerast årleg, alternativt annakvart år, i samband med utarbeiding av klimabudsjett og klimarekneskap. Det er naudsynt å sjå handlingsdelen i samband med budsjetthandsaminga, då einskilde tiltak vil ha økonomiske konsekvensar.

Mogleg etablering av datasenter i Vinje kommune

Kommunestyret har vedteke at kommunen skal satse på å bli vertskommune for datasenter. Føremålet med satsinga er at kommunen kan auke inntektssida gjennom å ta ut meir konsesjonskraft, skape fleire arbeidsplassar og auka folketal.

Kommunen opptrer i tråd med den statlege datasenterstrategien, og samarbeider med Innovasjon Noreg og er medlem i interesseforeininga Norsk datasenterindustri. Det er aktørar som dekkjer nasjonalt prioriterte tenestebehov som eventuelt vil få etablere seg i kommunen, og ein opnar ikkje opp for utvinning av kryptovaluta.

Kraftkompetanse Kommunalt Oppgåvefellesskap (KO)

Kraftkompetanse KO er eit oppgåvefellesskap som består av Vestfold og Telemark fylkeskommune og Vinje, Tinn, Tokke, Fyresdal, Hjartdal, Seljord, Nissedal og Kviteseid

kommunar. Vinje er kontorkommune og dagleg leiar er Tone Aa Kiste som tok til i stillinga i 2021. Føremålet med samarbeidet er fylgjande:

- Ivareta interessene knytt til bruk av vasskraft og naturressursar for kommunane og fylkeskommunen
- Vera eit regionalt kompetansesenter for kraftsaker for kommunane og fylkeskommune
- Vera eit regionalt kompetansesenter for forvaltning av naturressursar
- Forvaltning av konsesjonskraft

Beredskapsplanar - kraftforsyning

Kraftutbygginga og kraftforsyninga i kommunen inneber ein del spesielle høve knytt til beredskapsarbeid, og det ligg føre egne planar for dette.

Kontaktmøte med Statkraft og ØTB

Kommunen har jamlege kontaktmøte med kraftutbyggjarane der ein orienterar kvarandre og drøftar eventuelle løysingar på aktuelle spørsmål. På desse møta vert også moglege fellestiltak og samarbeidsprosjekt drøfta.

VTK – RK – forsyningsspørsmål/eigarspørsmål/utbytte

Kommunen må ivareta eigarrolla i høve til VTK. Kommunen er og abonnent/lokal styresmakt for VTK og Rauland kraftforsyningslag, og det er behov for kontakt i mange samanhengar.

EUs vassdirektiv og vassforskrifta

Vassforskrifta frå 2006 implementerte EU sitt vassdirektiv i norske lovverk, og er eit av dei viktigaste miljødirektiva i EU. Hovudmålet er å sikre god kjemisk og økologisk tilstand i alle vassførekomstar, og om naudsynt iverksetje førebyggjande tiltak eller utbetringstiltak for å sikre miljøtilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn.

Vassforskrifta delar Noreg inn i 9 vassregionar med avrenning til Norskekysten, og 6 vassregionar med avrenning til Sverige og/eller Finland. Inndeling i vassregionar skal gjera det enklare å gjennomføre heilskaplege tiltak i vassdraga og inndelinga er grunnlaget for regionale, sektorovergripande vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram. Vinje er med i Vestfold og Telemark vassregion med Tokke-Vinje vassområde, Midtre Telemark vassområde og Aust-Telemark vassområde. Kommunen er også så vidt med i Agder vassregion med Otra vassområde.

I ei klage til EFTA Surveillance Authority (ESA) i 2011 stilte LVK saman med fleire landsomfattande organisasjonar spørsmål ved manglande krav til miljøutbetringar i gamle kraftverkanlegg, og om dette var i strid med vassdirektivet. Saka er enno ikkje avgjort, men ESA si førebels vurdering indikerer at Norge bryt vassdirektivet. Resultatet av denne prosessen kan vera relevant også for revisjonen av konsesjonsvilkåra i Tokke - Vinje-vassdraget.